



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garanaset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/svr>

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandler Alf Odden

Vår ref. 2018/2342-0 432.2

Deres ref.

Dato 30.09.2022

Tilleggsuttale frå forvaltningssekretariatet for verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane etter Ulla-Førre synfaringa 6-7 september 2022

Under NVE si synfaring for Ulla-Førre revisjonen vart det opna for at deltakande partar kunne komme med ein tilleggsuttale for å supplere tidlegare høyringsuttale. Forvaltningssekretariatet for verneområdestyret for SVR vil derfor nytte høvet til komme med ein tilleggsuttale som omtalar punkt kor ein nå har fått nye opplysningar. Uttalen er skreve av verneområdeforvaltar Alf Odden og har ikkje vore handsama av verneområdestyret.

Første klassifisering av nasjonale villreinområde etter kvalitetsnorm for villrein er nå gjennomført (NINA-rapport 2126). Som venta vart Setesdal-Ryfylke villreinområde klassifisert som «ikkje godkjent», kor særleg delnormen «funksjonelle trekkpassasjar» var utslagsgjevande for klassifiseringa. Rapporten frå den nasjonale ekspertgruppa bak klassifiseringa, understrekar dei alvorlege konsekvensane Ulla-Førre reguleringa har hatt for villreinområde (sjå ekspertgruppas beslutningsgrunnlag i denne lenka <https://storymaps.arcgis.com/stories/797415521aaa43b1afe5e401ec9f4d27> Dei manglande mogleghetene for trekk og utveksling av dyr mellom delstammene nord og sør for Storevassdammen, har nå mellom anna resultert i ein statistisk signifikant forskjell i genetisk samansetning mellom dei to delstammene.

I sin høyringsuttale har verneområdestyret for SVR peikt på stenging av anleggsveg og opning av eksisterande tunell på strekinga Øvre Moen-Oddatjørndammen, som eit aktuelt avbøtande villreintiltak. Biltrafikken på anleggsvegen er så omfattande at vegen utgjør ei fullstendig barriere for villreintrekket mellom Drakeheia og Odden i tidsrommet ca 25. juni-1.oktober. Etter at ein i samanheng med CWD-overvakinga GPS-merka fleire bukkar i 2021 og 2022, har ein nå fått dokumentasjon på at dette trekket framleis er i bruk. I tidsrommet 5-22 juni 2022, haldt ein GPS-merka bukk og om lag 15 andre dyr til i og ved denne trekkpassasjen fram til anleggsvegen vart brøyta. At dette trekket fungerer er heilt nødvendig for at villreinen igjen kan trekke på vestsida av Blåsjø. Det er derfor svært gode grunner for at Statkraft bør påleggast å gjennomføre dette tiltaket i dei nye konsesjonen for Ulla-Førre. Verneområdestyret for SVR har i sin høyringsuttale bedt om at Statkraft blir pålagt å betale inn ein eingongssum på 20 millionar kroner, samt ei årleg innbetaling på 2 millionar kroner til eit villreinfond. Verneområdestyret har og gitt innspel til samansetninga av ei styringsgruppe for eit slik fond. Ein vil derfor presisere at ein ber om eit felles fond med eit felles fondstyre for heile Setesdal-Ryfylke villreinområde, og ikkje fond og fondstyrer for kvart

Landskapsvernområde Dyraheio, Frafjordheiane, Hovden, Kvanndalen, Lusaheia, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, Vormedalsheia
Naturreservat Hisdal, Lislevatn, Ljosådalen, Migaren, Nordraheia, Vidmyr, Ørestø, Øyastøl
Biotopvernområde Holmavassåno, Steinbuskardet-Hisdalen



reguleringsområde. Ved ei slik organisering av villreinfondet vil det bli lettare å sjå heile villreinområdet i samanheng og iverksette tiltak der effekten er størst uavhengig av reguleringsområde.

Med hilsen

Alf Odden
verneområdeforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**
